

# **Årsmøte 2015 i Odda Mållag i Ungdomshallen i Odda sundag 22.02.15 kl. 18.00.**

Leiar Knut O. Dale ynskte velkomen og leia møtet til sak 1 og sak 2 pkt a.  
Det var 17 til stades på årsmøtet .

*Sakliste for årsmøtet med forslag til årsmelding var sendt ut til alle medlemer på førehand.  
Desse dokumenta saman med referat frå årsmøtet i fjor, signert rekneskap og  
revisjonsmelding for 2014, forslag til Målpris for 2014, årsmelding, arbeidsprogram og  
skulemålsrapport for Hordaland Mållag og forslag til strategidokument for å styrkja  
Oddamodellen vart delt ut til alle dei frammøtte ved møtestart*

## **Sakliste:**

**1: Godkjenning av innkalling og sakliste;** Ingen merknader

**2: Val av**

a. **Ordstyrar:** Framlegg :Terje Kollbotn – samr vald - og tek over møteleiinga

b. **Referent:** Framlegg : Harald Jordal – samr. vald

c. **Protokollunderskrivarar:** Lars H. Mannsåker og Jorid Ystanes – samr. valde

**3: Godkjenning av årsmelding.**

Etter framsett ynskje vart meldinga lesen opp. Harald Jordal las side 1 og 2 og Solveig Grønlien las side 3, 4 og 5

Merknader :

Side 2: Rett årstal for møte med ordførar John Opdal er 28.10.2014

Side 3 : Rett namn er Turid **Bådsvik Hauso**

**4: Godkjenning av rekneskapen.**

Rekneskap og revisjonsmelding vart lesen av revisor Gerd K. Hereide og godkjent utan merknader

**5: Val av styre.**

Terje Kollbotn las opp slikt framlegg frå valnemda

Leiar : **Knut O. Dale** – attval 1. år

Styremedlemmer :

**Harry B. Solberg og Solveig Grønlien:** Attval for 2 år

Gry Folkvord og Harald Jordal er ikkje på val -1 år att.

Varafolk: alle 1 år: 1. Ingvild Jøsendal 2. Håkon Tverdal og 3. Marit Bleie Mannsåker som og tek på seg kasserarvervet utan å møta fast i styret. 1 vara vert innkalla til alle styremøte .

Alle dei framsette framlegga vart vedtekne samrøystes og utan motkandidatar ved separate val med unntak av varafolka som vart valde under eitt.

**6: Val av valnemnd.**

Etter gjeldande vedtak går første namn i rekka ( Jorid Ystanes ) ut . Forslag på nytt medlem reist i møtet: Sigrun Tveita – samr. vedteke. Ny leiar vart Turid A. Solberg

Ny valnemnd er : 1.Turid A. Solberg (leiar) 2. Øystein Kambestad og 3. Sigrun Tveita

**7: Val av revisor.**

Framlegg frå valnemnda: Gerd K .Hereide 1 år. Samr. vedteke

**8: Vedtak om tildeling av Målprisen 2014.**

Ingvild Jøsendal las framlegg frå stryret om **Elevrådet ved Odda ungdomsskole**

Framlegget vart samr. vedteke

Det vart trekt 3 målkoppar mellom dei frammøtte .

Knut takka for tilliten, rosa styret for arbeidet som var gjort i meldingsåret og æra særskilt Harry Solberg for den store innsatsen med «Odda i manns minne» og Marit Bleie Mannsåker for kasserarvervet.

Årsmøtet slutt kl 19.00

Odda 25.02.2014

*Jorid Ystanes*

Jorid Ystanes

Protokollunderskrivar 1.

*Lars H. Mannsåker*

Lars H. Mannsåker

Protokollunderskrivar 2

+++++

**Etter årsmøtet var det medlemsmøte: kl 19.15- 20.15**

Hovudpunktet Oddamodellen; Strategidokument for å styrka Oddamodellen og få gjort han allmenn? Terje Kollbotn gjekk gjennom dokumentet. Pkt 5 vart skjerpa frå « vil freista..» til «skal»

Noregs Mållag skulle vore representert med Sigbjørn Hjelmbrekke – som måtte gjera vendereis på Haukeli grunna verforholda. Elles vart det opplyst at Odda kommunestyre har invitasjonen frå Noregs Mållag om vidare arbeid med Oddamodellen på saklista den 4. mars .

Vi skal arbeida for at årsmøtet til Hordaland Mållag neste helg fattar tydeleg vedtak og engasjerer seg i arbeidet med Oddamodellen.

Arbeidet med ei trykksak om Oddamodellen skal prioiterast.